

**Øystese sokneråd
5610 Øystese
Sakliste, Øystese Sokneråd**

Stad: Øystese bedehus
Dato: tysdag 07.05.2024
Tid: kl. 19.00 - 21.00
Soknerådsmøta er opne.

Dato: 07.05.24		
Innkalla : Roar Strømme, Aina T Vågen, Anne Christin Myklebust, Hilde Måge Kristiansen, Gunlaug Sekkingstad, Anne Britt Berge, Kjell Arne Gjøn, Bård Magnus G Lundestad, Kjell Dysvik, Astrid Lunestad, Ruben Øystese, Therese Rykkje		
Ikkje til stades: Anne Christin, Ruben, Kjell Arne, Therese,		
NR:	SAKER:	MERKNADER:
1.	Godkjenning av innkalling, referat, sakliste + ord for dagen	
INFO	Innkomen post, økonomi, mm	<p>-rekruttering av sokneprest – status</p> <p>Roar og Brigt-Sigve Skeie er engasjert som vikarar i eitt år og skal dela på tenesta i Øystese. Når Vetle skal ha permisjon vert nok tenesta nedskalert med mindre aktivitet. Mogeleg ny utlysing til hausten.</p> <p>-økonomi – oppdatering neste møte</p> <p>-Fosse og trua (markering komande helg)</p> <p>-Møte i fellesrådet</p> <p>-planlagt konsertserie i Øystese sommaren 2024 (sak 3 frå 12 mars 2024)</p> <p>Konsertserien er i rute, 3 onsdagar i juni og 2 onsdagar i august. Me fordeler soknerådet til å hjelpe til på konsertane på juni-møtet. Kortterminal til betaling ved inngang på konserten?</p>
2.	Evaluering gudstenester mm	-Konfirmantfesten – vellukka kveld. Litt fråfall av konfirmantane. Positivt

		<p>å ha med Ålvik-konfirmantane. Godt oppmøte av både konfirmantar og foreldre. Aina oppsummerer kort innkjøp, kva som gjekk og kva som var igjen. Det gjekk godt med mat, dei åt godt, og det var behov for alle kakene me hadde med. I alle fall 10 kaker. Ein kort quiz med godt samarbeid i gruppene. Godt jobba av alle!</p> <p>-Konfirmantjubileum – 59-modellane. Høg bunadsfaktor, flott feiring.</p>
3	Føresegner for disponering Jaastad si minnegåva - oppfølging av sak 4 frå 9.4.24	<ul style="list-style-type: none"> - Framlegg til føresegner vert ettersendt
4.	Diakoniarbeid i Øystese sokn - oppfølging av diakoniplanen	<ul style="list-style-type: none"> - I arbeidsmøtet 30.4. med Vetle Karlsen Eide tilstades, kom det fram nokre tankar om diakonal satsing og innsats. Kva vi har lyst til å prioritere er sentralt her. - Det er laga eit skriv med reglar for minnegåva, for å ha det ryddig i prosessar med utdeling av pengar. Desse er vedtekne med endringane som kom fram i møtet. - Framlegget i møtet er: 5000kr til Føremiddagstreffet og 5000kr til Kyrkjeklubben. Einstemmig vedteke. - Kjell informerer Therese om å overføra pengar til dei to formåla, og informerer formåla (Vetle) at dei har fått stønad. - Resterande 5000kr ser me på i November. - Laus diskusjon om diakoniplanen: Kva ynskjer soknerådet med diakoniplanen? Me bør få meir innsikt i planen og «eiga» den meir. Kan ein samarbeida med Grannehjelpa om arrangement dei allereie har? Eventuelt andre organisasjonar? Er det noko me kan laga til i bygda? På heimane? Språkkafeen?

		<ul style="list-style-type: none"> - Kjell sender ut den planen som me har no slik at alle kan få lesa gjennom den.
5.	Søknad om støtte til Øystese ungdomskor	<ul style="list-style-type: none"> - Utsett frå sist møte - Innstilling: Øystese sokneråd vedtek å løyva årleg 10 000kr frå 2024 til eventuelt nytt vedtak. - Kjell skriv svar.
6.	Brudebiblar – sak om vidareføring av denne ordninga, eventuelt avslutte og spare desse pengane, sak utsett frå møtet 10.4.	<ul style="list-style-type: none"> - Me bestemmer oss for å vidareføra denne ordninga eitt år til, og tek saka opp att over nyttår.
7.	Kvalitetssikring av oppgåver neste månader	<ul style="list-style-type: none"> - Konfirmasjonshelg: <ul style="list-style-type: none"> 11. mai – Astrid klokkar, Anne Christin og Hilde kyrkjevert 12. mai – Wenche klokkar, Astrid og Kjell kyrkjevert 14. mai – Krøllertreff – Aina og Hilde 17. mai – Therese og Aina 26.mai – Anne-Britt og Gunnlaug 16. juni – Kjell Arne og Gunnlaug (OBS – kl. 17) 30. juni – Aina og Therese 11. august – Anne Christin og Hilde 25. august – Friluftsgudsteneste – ein eller anna nut?
	Eventuelt	<ul style="list-style-type: none"> - Takkoffer på konfirmantgudstenestene går til konfirmantarbeidet. Oppsette NMS og Blåkors vert flytta til andre dagar. - Språktreff i Øystese – det er ein komité som jobbar for dette. Kan soknerådet betala for kjekt og kaffi i starten for å få det i gang? Samarbeid med indremisjonen? Positivt viss nokon frå soknerådet ynskjer å delta. Vedtak: Me støttar dette dei 3 fyrste gongane, så kjem ein tilbake til eventuell vidare sponsing.
		Møtet vert avslutta med Vår far